

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF
DATO: 18.01.2019
SAKSHANDSAMAR: Anne Randi Skirbekk
SAKA GJELD: **Nye varslingsrutinar**

STYRESAK: **09/19 0**

STYREMØTE: **30.01.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering

Oppsummering

Føretaksgruppa i Helse Vest har jobba fram felles rutinar for varsling i samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Rutinane er behandla i styret i RHF og dei ber føretaka implementere rutinane i sitt føretak.

Rutinane omfattar følgjande dokument: (Sjå vedlegg)

- Rutine for varsling
- Vedlegg om mottak, behandling og oppfølging av varsel
- Skjema for varsling

Kommentarer

Hensikta med rutinane er å gje tydeleg rettleiing til medarbeidarane om kva ein kan varsle om, korleis ein går fram for å varsle, korleis føretaket handterer varsel og korleis vi varetek dei som varslar.

Rutinane gir også reglar for å mottak, sakshandsaming og oppfølging av varsel.

Rutinane gjeld også for innleidde arbeidstakarar, sjølvstendige oppdragstakarar og hospitantar/studentar/elever i praksisarbeid.

Det er eit mål at varsling skal bidra til at kritikkverdige forhold blir stoppa.

Konklusjon

Saman med bygging av openheitskultur og meldekultur, skal rutinane for varsling bidra til at vi lærer av feil og rettar opp kritikkverdige forhold i føretaket.

Vedlegg

1. Rutine for varsling
2. Vedlegg om mottak, behandling og oppfølging av varsel
3. Skjema for varsling